



Saksframlegg

Sikringsstrategiar for Konsesjonskraftstyret i Telemark

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Strategi for krafthandel 2022.pdf
- 2 Konsesjonskraftforvaltning og sikringsstrategiar KKST 2025.pdf

Bakgrunn for saka:

KKST (konsesjonskraftstyret) forvaltar årleg ein konsesjonskraftmengd på om lag 550 GWh på vegne av eigarkommunane og fylkeskommunen. For 2025 ligg salsverdien for denne kraftmengda rundt 440 MNOK.

Med noverande sikringsstrategi vert mesteparten av krafta jamleg prissikra inntil tre år fram i tid. Dersom ein følgjer nøytral sikring har ein sikra 80% av krafta ved årsslutt, medan resten vert selt i spot.

På representantskapsmøtet i KKST i juni 2026 fekk styret ei tinging om å legge fram ulike modellar for forvaltning av konsesjonskrafta, inkludert skildring av risikobilete, til vurdering. Styret har ut frå tinginga i møtet etablert ein oversikt over moglege forvaltingsmodellar som KKST sin kraftforvaltar, Å Entelios, kan tilby. Risikobiletet for kvar modell er rangert etter tre kriterium:

1. Maksimering av inntekter
2. Føreseielege inntekter for komande år
3. Stabilitet i inntekter over tid

Styret i KKST har også kome med ein anbefaling til ein revidert framtidig sikringsstrategi for KKST. Endringane frå dagens strategi er hovudsakeleg to punkt:

- Noko meir sal i spot. Ved nøytral sikring vert sal i spot auka frå 20% i dagens strategi til 36%.
- Finansiell sikring: Mogleg å både selje og kjøpe kraft i marknaden, såkalla aktiv handel. Dagens strategi opnar berre for å selje kraft.

Oversikt over ulike forvaltingsmodellar og tilhøyrande risikobilete, samt anbefalt framtidig sikringsstrategi, er samla i presentasjonen «Konsesjonskraftforvalting og sikringsstrategiar KKST 2025».

Styret i KKST ber kvar kommune om å drøfte dei ulike forvaltingsmodellane og anbefalt framtidig sikringsstrategi for KKST. Styret i KKST ber vidare om at kommunane rapporterer tilbake innspel på sikringsstrategiforslaget, eventuelt forslag til alternativ sikringsstrategi, innan februar 2026. Ein sikringsstrategi kan bestå av ein spesifikk forvaltingsmodell eller ein kombinasjon av fleire modellar. Tilbakemeldingar frå kommunestyra vil bli nytta som underlag til sak for representantskapet i juni 2026 der sikringsstrategien vil bli handsama.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Kraftinntekter nyttast i hovudsak til utviklingsarbeid

Overskot frå sal av konsesjonskraft er ei viktig inntektskjelde i Fyresdal kommune. Desse inntektene vert i Fyresdal i all hovudsak nytta til næringsfond og investeringar. Korleis krafta vert forvalta har mykje å seie for risikobiletet, til dømes kor mykje inntektene svingar frå år til år og kor føreseielege komande års inntekter er ved fastsetting av budsjettet. Kommunestyret bør difor ha eit bevisst forhold til forvaltningsstrategien for konsesjonskraft. Gjennom å koma med innspel til forvaltningsstrategien, slik styret i KKST har bedt om, kan kommunen også vera med på å styre strategien i den retninga som passar best for Fyresdal.

Konklusjon:

I kommunestyremøte vil det bli gjeve ei orientering frå dagleg leiar av Konsesjonskraftstyret, slik at kommunestyrerepresentantane vil kunne stille spørsmål til saka og dei vedlagde dokumenta. Kommunedirektøren meiner at det er viktig at kommunestyret gjev tydelege signal på kva slags risiko ein meiner at Konsesjonskraftstyret skal få mynde til å ta, og som da blir nedfelt i styrets sikringsstrategiar. Dette vil ha betydning for dei framtidige inntektene til kommunen

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommunestyre har drøfta ulike sikringsstrategiar for konsesjonskraft slik dei er lagt fram i saka, og gjev ordførar fullmakt til å argumentere for sikringsstrategi basert på kraftforvaltingsmodell(ane) xxx (og yyy) i representantskapet.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Ulf Pedersen
	kommunedirektør